

SULDAL KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Torsdag **20. april 2023** blei det halde møte i Suldal kontrollutval under leiding av leiar Tormod Skeie.

MØTESTAD:	Suldal kommunehus, kommunestyresalen
MØTESTART-MØTESLUTT:	kl. 10.00 – 11.40
MØTANDE MEDLEMMER:	Tormod Skeie (SV), Eldbjørg Sivertsen (Uavh.), Henrik Halsne (Ap) og Per Gudmund Øxtra (Sp).
MØTANDE VARAMEDLEMMER:	Dag Fisketjøn (V)
FORFALL:	Ragnhild Sukka (V)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Rådgevar Sjur Hatlen - Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ ROGALAND REVISJON IKS:	Oppdragsansvarleg revisor Tore Kristensen
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Kommunedirektør Karin Dokken Austvik og kommunekasserer Arnfinn Gundersen
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 06/23 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 09.02.23

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møte i Suldal kontrollutval 09.02.23 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 20.04.23:

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 20.04.23:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 09.02.23 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 07/23 UTTALE TIL ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING 2022

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak og innstilling:

Suldal kontrollutval vedtek uttale til årsrekneskap og årsmelding 2022 slik den ligg føre.

Kontrollutvalet tilrår at Suldal kommunestyre godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga for 2022.

Handsaming i kontrollutvalet 20.04.23:

Kommunedirektøren orienterte om årsmeldinga. Kommunekasseraren orienterte om årsrekneskapen. Året 2022 hadde vore eit særst godt år for Suldal kommune med eit netto driftsresultat på 255,7 mill. kr som er 27,7 % av driftsinntektene.

Oppdragsansvarleg revisor Tore Kristensen orienterte om revisjonen sitt arbeid. Kommunedirektør, kommunekasserar og revisor svara på spørsmål.

Utvalsleiar la fram følgjande forslag om tilføyning til vedtaket:

«Kontrollutvalet vil rå til at ein ved framtidige årsrapporteringar legg større vekt på å syna samanhengen mellom økonomiske disposisjonar, klimautslepp og naturtap».

Medlemmene stetta leiar sitt forslag og slutta seg til uttalen slik den var fremma.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 20.04.23 og innstilling:

Suldal kontrollutval vedtek uttale til årsrekneskap og årsmelding 2022 slik den ligg føre.

Kontrollutvalet vil rå til at ein ved framtidige årsrapporteringar legg større vekt på å syna samanhengen mellom økonomiske disposisjonar, klimautslepp og naturtap.

Kontrollutvalet tilrår at Suldal kommunestyre godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga for 2022.

SAK 08/23 FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL FOR REKNESKAPSÅRET 2022 – REVISOR SI ATTESTASJON OM ØKONOMIFORVALTNINGA

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kontrollutval tar vedlagte attestasjonsuttale frå Rogaland Revisjon IKS om økonomiforvaltninga for 2022 og revisor si gjennomgang til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 20.04.23:

Revisor Tore Kristensen gjorde greie for attestasjonsuttalen. Revisor sin konklusjon var positiv. Revisjonen hadde undersøkt 30 utvalde anskaffingar, og berre funne avvik i tre av anskaffingane.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 20.04.23:

Suldal kontrollutval tar vedlagte attestasjonsuttale frå Rogaland Revisjon IKS om økonomiforvaltninga for 2022 og revisor si gjennomgang til orientering.

SAK 09/23 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER

8. Statusoversyn pr. april 2023
9. KST-vedtak 28.03.23, sak 22/23 – forvaltningsrevisjon «Styring og kontroll...»
10. Representantskapsmøte 21.04.23 – Haugaland Vekst IKS
11. Representantskapsmøte 26.04.23 – IKA Rogaland IKS
12. Representantskapsmøte 28.04.23 – Haugaland brann og redning IKS
13. Representantskapsmøte 24.04.23 – Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
14. Generalforsamling 28.04.23 – Haugaland Kraft AS
15. «30 år med kontrollutvalg – og fortsatt ikkje for puser» - Kommunal Rapport 20.03.23

Handsaming i kontrollutvalet 20.04.23:

Leiar gjorde greie for referatsakene. Medlemmene hadde ingen særskilte merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 20.04.23:

Suldal kontrollutval tek referat- og orienteringssakene 8 – 15 til orientering.

YMSE

Neste møte

Utvalet vedtok at neste planlagde møte den 08.06.23 utgår, då det ikkje er nokre saker til handsaming.

Neste møte: torsdag 07.09.23, kl. 10.00.

Saker: orientering om Suldal Vekst AS, oppfølging av RSK-fond undersøkinga og utvalet sitt budsjett for 2024.

Sand/Aksdal, 20.04.23

Tormod Skeie
Leiar

Sjur Hatlen
Kontrollutvalssekretær